

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund -
Dato: 20.03.2023
Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Til stades:

Namn

Paula Næss Skår

Ann Helene Skare

Janne Remøy Endresen

Anne Grete Mogstad

Lasse Alexander Honningsvåg

Ingrid Løset

Lillyanne Blindheim-Røddal

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

1. vara. Deltok via Teams

2. vara

Ikkje møtt:

Namn

Atle Tangen

Per Øvermo

Kai Knutsen Sivertsen

Marie Ødegård Gjengstø

Permisjon

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Stilling

Sekretær

Merknad i møte:

Ingrid Løset deltok via teams, med fråvær frå kl. 12:30-13:45

Pasient- og brukarombodet Hanne Haavde-Stenseth deltok via team.

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
13/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
14/23	Orientering frå konstituert administrerende direktør
15/23	Orienteringssak - SAMVAL
16/23	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
17/23	Oppnemning til råd og utval
18/23	Referatsaker
19/23	Styresak - statusrapport januar og februar 2023
20/23	Styresak - Topp 10 Risiko
21/23	Årsmelding 2022 Brukarutvalet HMR
22/23	Eventuelt

13/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 13/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og saksliste

14/23 Orientering frå konstituert administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 14/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Orientering frå konstituert administrerende direktør Heidi Nilsen om mellom anna desse sakene:

- Presentasjon av ny HR-direktør Kjetil Lundberg
- Utlysing av stilling som klinikkisjef på klinikk for kreftbehandling og rehabilitering
- Positivt økonomisk resultat pr. februar 2023
- Framleis høgt sjukefråvær i helseføretaket
- Ventelister er framleis ei utfordring særskilt innan barn- og ungdomspsykiatrien.
- Mork rehabilitering
- Fleire eldre gir økt forsørgerbrøk
- Helsepersonellkommissjonen - «behov for betydeleg omstilling i den samla helsetenesta»
- Status AIO
- SNR Kristiansund

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå konstituert administrerende direktør Heidi Nilsen til vitende.

15/23 Orienteringssak - SAMVAL

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 15/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Orientering om Samval frå:

- Kvalitetsrådgjevar Kari Beth Fauske
- Kvalitetsrådgjevar Jon Even Bjørdal
- Brukarrepresentant Lasse Alexander Honningsvåg

Definisjon: *"Pasient og helsepersonell samarbeider om å treffe beslutninger om utredning, behandling og oppfølging, i den grad og på de måter pasienten ønsker. Pasienten får støtte til å vurdere alternativene, ut fra beste tilgjengelig kunnskap om fordeler og ulemper, og til å utforske egne verdier og preferanser"*

Nasjonal helse og sykehusplan 2016-2019

Samvalsverktøy tilgjengeleg på HelseNorge: [Samvalg – du kan være med og bestemme - Helsenorge.](#)

Vedtak

Samval er eit viktig tema som Brukarutvalet HMR ønskjer å ha fokus på i alle sine fora. Brukarutvalet HMR ønskjer blant anna å ha Samval og Forløp som tema på sitt seminar i september 2023. Det er særst viktig at det orienterast om Samval på alle nivå i helseføretaket.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om samval til vitende.

16/23 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 16/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Brukarane har delteke på følgjande råd og utval sidan førre møte i Brukarutvalet.

Paula Næss Skår:

- 01.02.23: Styremøte i Helse Møre og Romsdal
- 03.02.23: Møte i brukarutvalet for SNR
- 22.02.23: Arbeidsmøte til BU
- 06.03.23: Arbeidsmøte til Kvalitets- og pasientsikkerheitsutvalet
- 14.03.23: Møte i kvalitets- og pasientsikkerheitsutvalet

Ann Helene Skare:

- 01.02.23: KEK – Klinisk etikk-komitear
- 03.02.23: Brukarutval SNR
- 08.02.23: Utviklingsplan Psykisk helse og rus
- 15.02.23: Kvalitetsråd Kreft og rehabilitering og møte med leiinga

- 16.02.23: Barneblikk
- 01.03.23: KEK – Klinisk etikk-komitear
- 01.03.23: Kunstlaget SNR
- 02.03.23: Kunstlaget SNR
- 09.03.23: Utviklingsplan psykisk helse og rus
- 14.03.23: Helsefremmande og førebyggjande arbeid.

Per Øvermo:

- 27.02.23: Kvalitets- og samarbeidsråd, Klinikk for drift og eigedom
- 15.03.23: Kvalitetsråd Klinikk for prehospitale tenester

Ingrid Løset:

- 03.02.23: Brukarutvalet Hjelset. HMR. Fysisk møte.
- 08.02.23: Arbeidsmøte om plan Psykisk helse og rus. HMR. Fysisk møte.
- 16.02.23: Brukarutvalet i sjukehusapoteket Helse Midt. Fysisk møte.
- 17.02.23: Styremøte i sjukehusapoteket Helse Midt. Fysisk møte.
- 27.02.23: Brukarutvalet Muritun. Fysisk møte.
- 03.03.23: Styremøte Muritun. Teams.
- 14.03.23: Møte i KPU – Kvalitet- og pasientsikkerheitsutval HMR. Teams.

Janne Remøy Endresen:

- 30.01.23: BU HMR. Fysisk
- 01.02.23: KEK. Teams – sitte i lag i Volda
- 01.02.23: Brukerwebinar –barn og unges helsetj. Teams
- 17.02.23: LSU Volda i lag med LSU Ålesund. Fysisk
- 01.03.23: KEK. Teams – sitte i lag i Volda
- 02.03.23: ROS analyse Revm./Ort. Fysisk
- 08.03.23: Fagl. Samarbeidsutv. Barn og Unge. Teams

Anne Grete Mogstad:

- 01.02.23: KEK
- 03.02.23: BU SNR
- 01.03.23: KEK
- 15.03.23: Faglig samarbeidsutval

Lasse Honningsvåg:

- 31.01.23: Planleggingsmøte digital workshop/brukarsamling - Barn og unges helseteneste
- 01.02.23: Digital workshop/brukarsamling - Barn og unges helseteneste
- 02.02.23: Nettverksmøte Molde og omegn - Barn og unges helseteneste
- 03.02.23: Nettverksmøte Kristiansund og omegn - Barn og unges helseteneste
- 07.02.23: Evaluering av digital workshop - Barn og unges helseteneste
- 09.02.23: Fagdag familiestøtte Ålesund, presentasjon av Barn og unges helseteneste
- 16.02.23: Møte om endra framdrift for Barneblikk
- 22.02.23: Arbeidsmøte film - Barn og unges helseteneste

- 27.02.23: Idømøte stafett, markering - Barn og unges helseteneste
- 15.03.23: Møte for redigering av film - Barn og unges helseteneste
- 17.03.23: Prosjektgruppemøte - Barn og unges helseteneste

Vedtak

Det vart òg gitt informasjon frå følgjande møter:

- Barneblikk
- Leiingas gjennomgang frå klinikk kreftbehandling og rehabilitering.
- Pårørandearbeid
- Orientering frå KPU
- Endringar i kvalitetsarbeid for psykisk helse og rus

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tok orienteringa frå råd og utval til vitende.

17/23 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 17/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har mottatt følgjande førespurnader om brukarrepresentasjon:

- **Nasjonal lunsjwebinar innan læring og meistring** (Kontaktperson: Astrid Ljøkjell Solem)
- Referansegruppe for ph.d-prosjekt som har hovedfokus på hvordan vi kan betre helsetenesta ved hjelp av **fleirdimensjonale verktøy** for vurdering av **multimorbiditet** (flere kroniske sjukdommar) hos **heimeboande eldre personer**. (Kontaktperson Turid Rimereit Aarønes)
- **Helsefellesskap** - Lokalt samhandlingsutval **Volda** – ny vara
- **Helsefellesskap** - Lokalt samhandlingsutval **Ålesund** – ny vara

Vedtak

Brukarutvalet HMR har vedtatt følgjande brukarrepresentantar til desse råda:

Lunsjwebinar innan Læring og meistring: **Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg**

Referansegruppe med hovudfokus på korleis betre helsetenesta ved bruk av fleirdimensjonale verktøy for vurdering av fleire kroniske sjukdommar hos heimebuande eldre: **Representant: Paula Næss Skår. Vara: Lillyanne Blindheim-Rødal.**

Lokalt samhandlingsutval Volda (Helsefellesskap): **Sekretær tek kontakt med FFO med førespurnad om namn på vara frå Søre Sunnmøre.**

Lokalt samhandlingsutval Ålesund (Helsefellesskap): **Brukarrepresentant Ingrid Løset**

18/23 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 18/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Følgjande referatsaker har blitt lagt fram for Brukarutvalet:

- 2023-02-01 - Møteprotokoll styremøte HMR signert
- 2023-02-09 - Møteprotokoll ekstraordinært styremøte HMR signert
- Protokoll RBU 23.01.23
- Protokoll RBU 13.02.23
- Protokoll RBU 06.03.23
- Ungdomsrådet - møterefertat 20.-21. januar 2023
- Årsrapport 2022 - Ungdomsrådet HMR
- Røysumtunet - ang. diagnose epilepsi

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal skal ha en gjennomgang av rapport frå Helsekommisjonen i sitt møte 22.3.23. Leiar og nestleiar i BU skal delta på styremøtet. Dei vil vurdere om BU skal skrive ein eigen uttale til denne rapporten etter gjennomgangen i styret.

Protokoll RBU 13.02.23 sak 16-23: Brukarutvalet HMR merkar seg involvering i Kvalitet- og pasientsikkerhet. Brukarutvalet HMR tilrår dette som tema til den regionale samlinga.

Protokoll RBU 06.03.23 sak 28-23: Brukarutvalet HMR støttar arbeidet som er satt i gang i samband med pasientreiser. Dette er òg ei sak som Brukarutvalet HMR ønskjer å bli gjort kjent med.

Protokoll frå Ungdomsrådet: Brukarutvalet HMR er imponert over det arbeidet som blir gjort i Ungdomsrådet.

Brev frå Røysumtunet - Brukarutvalet HMR ber om at brevet sendes til administrasjonen. BU ber om at administrasjonen gjer ei vurdering av kva betydning endringa som er omtale i brevet vil ha å seie for pasientane med denne diagnosa. Eit eventuelt høyringssvar sendast ut til medlemmane i brukarutvalet innan fristen 2. mai

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

19/23 Styresak - statusrapport januar og februar 2023

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 19/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Fagdirektør Erik Solligård var til stades i møtet og oppdaterte brukarane om utvikling innan ventelister og tiltak. Brukarane fekk stille spørsmål under vegs

Vedtak

Brukarutvalet syner til fagdirektøren sin presentasjon og er framleis bekymra for lange ventelister innan Barn- og ungdomspsykiatrien.

Brukarutvalet HMR ønskjer å invitere klinikkssjef Ståle Hoff frå klinikk for Psykisk helse og Rus til møte i BU. Vi ønskjer ei nærare orientering om tilbodet for barn og unge.

Det er òg ønskeleg med ein orientering, på eit seinare tidspunkt, frå prosjektleder for prosjektet barn- og unges helseteneste.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport januar og februar 2023 til vitende.

20/23 Styresak - Topp 10 Risiko

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 20/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Kvalitetssjef Vidar Hagerup og strategirådgjevar Ingeborg Kirkhorn gav ei grundig og god orientering om Topp 10 Risiko.

Topp 10 Risiko 2023

- Helseplattformen
- IT, informasjonssikkerhet og personvern
- Pasientsikkerheit
- Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- OU i utviklingsprosjekta i HMR
- Rekruttering og bemanning
- Økonomisk bærekraft
- Bygningsmasse og arealbruk
- Vedlikehald og oppgradere MTU

Vedtak

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

21/23 Årsmelding 2022 Brukarutvalet HMR

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 21/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Medlemmane gjekk gjennom årsmeldinga og kom med to tillegg til meldinga.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vedtek årsmelding 2022 for Brukarutvalet HMR med desse to tillegg:

- Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vil arbeide vidare med å utvikle samarbeidet med Ungdomsrådet i 2023.
- Pasient- og brukarombodet i Helse Møre og Romsdal har hatt møte- og talerett på alle brukarutvalet sine møter.

22/23 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 22/2023 i møte den 20.03.2023

Behandling

Ang. Høring for regional handlingsplan for pasient og pårørandeopplæring Helse Midt-Norge 2023-2027.

Deltaking i styremøte HMR i Kristiansund 24. mai 2023.

Vedtak

Paula Næss Skår og Ingrid Løset ser på høringsbrevet (utsendt 06.03.23) og vil kome med eit høringssvar innan fristen 31.03.23.

Sidan styremøtet 24. mai skal haldast i Kristiansund vart det endra brukardeltaking frå Kai Knutsen Sivertsen til Anne Grete Mogstad (bustad Kristiansund)